



Referat frå kommunemøte torsdag 9. september 2021

Tema: Koronaberedskap

Deltakarar: Statsforvaltaren, kommunane, helseføretak, fylkeskommunen og Sivilforsvaret.

Ikkje til stades: Helse Bergen, Helse Førde, KS, Fedje, Fitjar, Gloppen, Hyllestad, Masfjorden, Sunnfjord, Stord, Sveio og Voss.

Møteleiar: Haavard Stensvand

Innhald

1. Nytt frå utdanningsområdet ved Anne Hjermann	1
2. Webinaret om testing	2
3. Rapportering av vaksinasjon av yngre aldersgrupper	2
4. Hurtigtestar	2
5. Kartlegging av kommuneoverlegefunksjonen.....	3
6. Kontaktregister for kommuneoverlegar.....	3
7. Kommunikasjonskampanje frå FHI (“Lever i pandemi”)	4
8. Webinar – Eigenberedskapsveka 2021	4
9. Endringar i innreisereglane for besøk av familiemedlemmer og kjærastar.....	4
10. Vaksine	5
11. Smittevernkonferanse 2021	5
12. Spørsmål frå kommunar om vaksine.....	6

1. Nytt frå utdanningsområdet ved Anne Hjermann

Vi får få spørsmål om smittevern i barnehagar og skular, noko som nok betyr at dei smitteverntiltaka som er aktuelle for skule er godt kjent. Samstundes vil eit endra situasjonsbilete bety noko for kva smitteverntiltak som er mest aktuelle og rett avpassa.

I går hadde FHI eit innlegg for kommunalsjefar i Oslo Viken. Der tok dei for seg ulike smitteverntiltak, i kva situasjonar dei ulike smitteverntiltaka kan vere nyttige/tilrådelege og med kva grunngjeving.

Vi legg denne presentasjonen ved referatet, og trur den vil vere nyttig også for dei vurderingane som våre kommunar gjer .

Vi hadde webinar om testing på tysdag. Der var det reist spørsmål om fråsegn for samtykke for jamleg testing/massetesting. Vi har utarbeidd eit forslag til korleis ei slik fråsegn kan utformast og legg den ved referatet. Dette er ei word-fil, slik at kommunane kan tilpasse den til eigen kommune/skular slik de finn best.



Vi er i jamleg dialog med Udir om forventningar til rapportering. Det er framleis slik at kommunane melder skular/barnehagar som er på gult eller raudt tiltaksnivå. Vi engasjerer oss i rapporteringsdiskusjonar med det føremålet at det skal belaste kommunane/utdanningslina så skånsamt som mogleg.

2. Webinaret om testing

Presentasjonen frå Karan Samareh Golestani ved frå FHI hadde på tysdag, og biletet som Ola Jøsendal frå Helse Vest viste, ligg ved. saman med referatet. Det same gjeld biletet i sin presentasjon.

3. Rapportering av vaksinasjon av yngre aldersgrupper

Bømlo kommune har spurt om korleis vaksinasjon av yngre aldersgrupper skal rapporterast.

Vi oppfattar at spørsmålet handlar om dei faste vekerapportane (“Staf-rapporten”) og ikkje registrering i SYSVAK. Det går føre seg ein diskusjon om det vidare innhaldet i vekerapportane, i ei eiga styringsgruppe. Kommunane treng ikkje å gjere noko med dette før det eventuelt vert bestemt å endre rapporteringsskjemaet.

4. Hurtigtestar

Helsedirektoratet informerte i går om at kommunane har bestilt veldig mange hurtigtestar. Direktoratet har så langt sendt ut fem millionar testar, og sist veke åleine kom det bestillingar på 1,4 millionar. Det er veldig gledeleg at kommunane bestiller, og på den måten skaffar utstyr til å kunne gjennomføre omfattande testing. Utfordringa er at restlageret til Hdir er i ferd med å gå tomt. Fram til første oktober kan kommunane difor ikkje rekne med å kunne få supplert med nye testar.

Det er nok stor variasjon i storleiken på lagera i kommunane. Vi reknar med at det er ein vilje til å hjelpe kvarandre på tvers av kommunane, viss nokon ser at dei nærmar seg akutt mangel. Det er fint om kommunane finn løysingar seg i mellom, men vi kan hjelpe til viss det t.d. er vanskeleg å få kunnskap om kven som måtte ha tilstrekkeleg med testar til å kunne låne ut.

Det er ikkje lagt opp til noko registrering av forbruk av hurtigtestar, og difor er det heller ikkje noko oversikt på regionalt eller nasjonalt nivå over lagersituasjonen i kommunane. Det er difor aktuelt å be om ei tilbakemelding om situasjonen. Kommunane treng ikkje sende noko til oss før vi har avtalt med Helsedirektoratet kva konkrete spørsmål vi må ha svar på.

Vi legg til grunn at forbruket av hurtigtestar vert styrt gjennom prosedyrar som er i tråd med den nasjonale rettleiaren for testregime. Vi legg ved ei lenkje til artikkelen om jamleg testing: <https://www.fhi.no/nettpub/coronavirus/testing-og-oppfolging-av-smittede/jevnlig-testing/#veilederfor-bruk-avtestingregimeri-skoler>

I møtet/webinaret om testing på tysdag kom det m.a. spørsmål om prøvepinnar for bruk i framre/nase vil verte ettersendt. Dette løyste seg då det viste seg at den andre typen låg heilt i botn av kassen. Dette i tilfelle andre òg har sakna dei rette pinnane.

Det ligg nok ein del hurtigtestar rundt i kommunane som er i ferd med å gå ut på dato. Viss det er store kvanta av desse vil Hdir vurdere å gjere ein såkalla “batch-analyse”, for å vurdere om det



er mogleg å gi dei utvida brukstid. Vi kan inkludere det som eit ekstra spørsmål når vi sender ut undersøkinga av lagerstatus.

5. Kartlegging av kommuneoverlegefunksjonen

Det vart i fjor haust gjort ei kartlegging av kommuneoverlegefunksjonen, m.a. av kva ressursar/stillingsprosent denne funksjonen har i kommunane. Helsedirektoratet skreiv ein rapport som vi publiserte ein artikkel om tidlegare i sommar:

<https://www.statsforvalteren.no/vestland/helse-omsorg-og-sosialtenester/helsetenester/samfunnsmedisinsk-beredskap-i-kommunane/>

Vi ser at dette og er eit tema som koronakommisjonen spesielt er bedt om å sjå på.

Vi fekk i går opplyst at det vil kome ei ny kartlegging. Ein del av spørsmåla vil truleg vere like som ved den førre undersøkinga, for at det skal kunne vere mogleg å sjå på ei eventuell utvikling/ending. Det vil òg vere nye/opdaterte spørsmål. Vi har ikkje fått tidfesta når denne undersøkinga vil bli sendt ut.

6. Kontaktregister for kommuneoverlegar

Vi har tidlegare hatt det nasjonale kontaktregisteret for kommuneoverlegar som tema. Det vart lansert før sommaren. Registeret er oppretta etter forslag frå ein del kommunelegar, og vert utvikla i samarbeid mellom Legeforeningen, FHI, KS og Helsedirektoratet. Registeret vert drifta av Norsk helsenett.

Målsetjinga er i første omgang å gje kommunelegar som oppdagar eit smittetilfelle i ein annan kommune, høve til raskt å varsle kommunelegen i den aktuelle kommunen. På sikt er målet å gje kommunelegar sikker tilgang til meir detaljert informasjon om smittetilfelle i eigen kommune, og høve til sikker meldingsutveksling.

Nokre har hatt utfordringar med å gjennomføre registreringa. Difor er det no gjort enklare for kommunane/kommunelegane å registrere informasjon i kontaktregisteret. Vi tar inn i referatet informasjon om korleis dette kan gjerast:

Kontaktinformasjonen kan nå sendes i en epost til kundesenteret i Norsk Helsenett (NHN) på adressen kundesenter@nhn.no.

Emne i epost: Bestilling oppføring i kontaktregisteret for KOMMUNENAVN

Innhold i e-posten må være:

- a. KOMMUNENAVN med kommunens organisasjonsnummer
- b. Generisk e-post (det vil si en epostadresse som ikke er knyttet til en person, men til en funksjon, og som leses regelmessig av kommunen)
- c. Generisk telefon (det vil si telefon som ikke er knyttet til en bestemt person, men funksjon, og som er betjent 24/7. Den kan være plassert hvor som helst i kommunen – eksempelvis legevakt – men det er viktig at de som tar imot telefonbeskjeder om smittetilfeller kan varsle kommunelegen om dem)
- d. Evt. KOMMUNENAVN de har et interkommunalt samarbeid med



7. Kommunikasjonskampanje frå FHI (“Lever i pandemi”)

Helsedirektoratet har laga ein kampanje for å minne befolkninga om at vi framleis lever i ein pandemi, og at kvar enkelt framleis må følgje grunnleggjande smittevernreglar. Direktoratet har bedt oss om å vidareformidle informasjon til kommunane og andre som kan tenkast å ville nytte materiellet. Vi legg ved lenke til nettstaden der de finn dei nye bileta/plakat/banner og film. Materiellet er (eller er i ferd med) å bli publisert på polsk, arabisk, somali, litauisk og engelsk òg.

Helsedirektoratets arkiv for koronamateriell:

<https://helsedirektoratet.imageshop.no//294179>

Kampanjemateriell direktelenke:

- ✓ Bokmål: <https://helsedirektoratet.imageshop.no/294179/Search?Q=smitte%20bokm%C3%A5>
- ✓ Nynorsk: <https://helsedirektoratet.imageshop.no/294179/Search?Q=nynorsk%20smitte>
- ✓ Andre språk (filtrer på aktuelt språk i venstre meny): <https://helsedirektoratet.imageshop.no/294179/Search?Q=smitte>

8. Webinar – Eigenberedskapsveka 2021

Før sommaren sendte vi ut informasjon til kommunane om Eigenberedskapsveka 2021. Den vert i år arrangert første veka i november (veke 44).

DSB inviterer kommunane til eit webinar. Målet er at relevante personar, til dømes dei som arbeider med beredskap eller kommunikasjon i kommunane, skal få inspirasjon, praktiske tips og ny kunnskap. Webinaret er torsdag om éi veke, dvs. 16. september kl. 13.00. Det varer i ca. 40 minuttar.

Her er lenkje til webinaret:

<https://rec.anywhere.vc/live/HDr2LaA1o1DNJcgK>

9. Endringar i innreisereglane for besøk av familiemedlemmer og kjærastar

Frå og med 11. september kl. 24.00 trer det i kraft nokre endringar om innreiserestriksjonar. Forskriftsendringane inneber at nærare bestemte familiemedlemmer, og kjærastar, vert unnateke innreiserestriksjonane, uavhengig av kva land dei er borgarar av, eller bur i. Med andre ord vert avgrensinga med så kalla «lilla» land fjerna frå forskrifta, og definisjonen av kva som omfattar familiemedlemmar som er unnateke innreiserestriksjonar vert utvida.

Kjærastar må framleis søke om unntak frå innreiserestriksjonane gjennom UDI sin «søknadsordning for kjærastebesøk», og må framleis oppfylle alminnelege vilkåra for innreise til Noreg (t.d. visum).

Vi viser til vedlegg med meir detaljert informasjon.



10. Vaksine

Vaksine til personar under 18

FHI er tydelege på at det er Pfizer/Comirnaty som er tilrådd 12-15-åringane, ut i frå eit føre-var-prinsipp. Når det gjeld 16-17-åringane seier FHI at ein "fortrinnsvis" skal velje Pfizer, då det er tilrådd på gruppenivå. Det er ikkje noko i vegen for ein kan gi Moderna i einstilte tilfelle.

FHI seier at det skal vere eit tydeleg skilje mellom Bornevaksinasjonsprogrammet (BVP) og koronavaksinasjon. Dei tilrår difor ikkje at vaksinasjon mot covid-19 skjer på same måte som skulevaksineringsprogrammet i BVP. Det betyr ikkje at kommunen ikkje kan involvere skulehelsetenesta eller skulelokala, men til dømes kan vaksinasjon skje på ettermiddagen, og ikkje i skuletida. Ein del av dette er òg å unngå stigmatisering av dei som ikkje vil vaksinere borna sine. Det vil bli veldig tydeleg kven som ikkje vert vaksinert om heile klasser blir teke ut i skuletida.

Skjemata for fråsegn om samtykke for dei under 16 år blir i første omgang laga på ti språk, med vurdering av fleire språk etter kvart. FHI har laga tilpassa informasjonsmateriell retta mot ungdom og føresette.

Erfaringar med vaksinasjon i gruppa 12-15-åringar?

Kristin Moe, Alver kommune – Dei starta opp i går. Vaksineringsprogrammet skjer etter skuletid. Har spurt FHI om problem/utfordring knytt til to signaturar. Dei reknar med at mange vil bruke tilbodet.

Guri Olsen, Aurland kommune – Peikte på at dei allereie har planlagt vaksineringsprogrammet på dagtid. Ein prøver å gjere mest mogleg i ordinær arbeidstid. Dei tilsette er slitne og ein må ta omsyn til det.

Kjell Haug, Bergen kommune – Bergen startar på tysdag med vaksinasjon av born. Dei skal vaksinere ca. 700 per dag og dei vaksinere frå kl. 14 på ettermiddagen. Ein kan velje mellom to eller tre vaksinedagar – det er drop-in.

Tredje dose til immunsupprimerte

FHI ser at det er naudsynt med tydeleg kommunikasjon kring dette, då det er nyansar innan dei ulike pasientgruppene. Dei held på å lage informasjonsmateriell og sa tysdag denne veka at det ville vere klart om nokon dagar, slik at vaksineringsprogrammet kan starte.

Tilgjengeleg vaksinetilbod/grupper som er vanskelege å nå

FHI er positive til tiltak som gjer vaksinar tilgjengelege der folk oppheld seg, til dømes drop-in eller pop-up vaksineringsprogrammet. Føresetnaden er at det vert gjort på ein måte som tek i vare alle aspekt ved trygg vaksineringsprogrammet, som anafylaksiberedskap og eigna lokale.

Dei neste vekene vil FHI ta kontakt med kommunane for å få vite meir om korleis kommunane gjev tilbod om vaksine til grupper som er vanskelege å nå. Alle skal få eit kort spørreskjema, og nokon får tilbod om å bli med på «fokusgruppe»-intervju. Til slutt vil det bli eit webinar for alle kommunar, for deling av erfaringar og tilrådde tiltak for å auke vaksinasjonsdekninga i grupper som er vanskelege å nå.

11. Smittevernkonferanse 2021

Statsforvaltaren arrangerer smittevernkonferanse 2. november på Thon Hotel Jølster på Skei (60 plassar) og 3. november på Scandic Ørnen i Bergen (150 plassar). Programmet er likt både dagar.



Vi opnar for påmelding i morgon og legg samstundes ut ferdig program, og vi vil sende ut invitasjon til kommunane. Basert på avtalane med hotella, blir fristen for påmelding (og avbestilling viss de likevel ikkje kan), allereie 7. oktober (4 veker). Viss de har tid og lyst til å delta må det såleis ikkje vente for lenge med å melde dykk på.

12. Spørsmål frå kommunar om vaksine

Kommuneoverlege Ole Miltzow Thorseth, Vaksdal kommune:

Vaksinedoser som er opptrukket, men som man ikke får noen innenfor «lovlige» grupper til å ta siste par timene før de må kastes. Kan disse settes som tredje dose til kjente risikopasienter med KOLS etc, evt til helsepersonell over 60 med tilleggsrisiko?

Vi har bestilt vaksiner og tatt høyde for et visst antall som skal ha dose 2, de unge aldersgruppene og de spesielle risikogrupperne for dose 3. Hva gjør man hvis et visst antall doser er i sin siste holdbarhetsuke og evt må kastes fordi man ikke får brukt dem de to siste dagene denne siste holdbarhetsuken? Nabokommuner forutsettes å ha tilstrekkelig med vaksiner selv. Kan disse da f. ex gis som tredje dose til grupper som nevnt over, og som fikk sine vaksiner fra januar/februar 2021? Ikke ønskelig å kassere vaksiner.

Tilbakemelding frå assisterande fylkeslege Jon Andreas Bratberg: Vi har ikkje motteke svar frå FHI enno.

Ass. Smittevernoverlege Kjell Haug, Bergen kommune

Bergen kommune har ca 12000 doser med Moderna som går ut på holdbarhet 23 september. Da har vi tatt hensyn til de vaksinedosene som vi forventer å sette fram til 23. sept.

Det er tre alternativer:

- ✓ *At vi kan sette vaksiner på innbyggere fra omegnskommuner i våre vaksinasjonsentra*
- ✓ *At vi kan starte vaksiner med dose 3 til personer som har gjennomgått covid i 2020 og fått 1 dose tidlig i 2021 og til personer med lav immunrespons på dose 1 og 2*
- ✓ *At vi må kassere vaksinedoser*

Vi har henvendt oss til Vaksinekontoret på FHI 3 sept vedr dette problemet, men ikke fått svar. Dette er en hastesak og vi ønsker å løfte problemet fram via Statsforvalteren.

Tilbakemelding frå assisterende Fylkeslege Jon Andreas Bratberg: Det er viktig å få ei avklaring frå FHI om dose tre for risikogrupper samanlikna med kassering, og har purra på FHI.

Tilbud om tilleggsdose med vaksine til immunsupprimerte

Sjå FHI: [Svar på oppdrag 47 – Vurdering av tilbud om ytterligere vaksinedoser til immunsupprimerte og evt. andre grupper:](#)



Statsforvaltaren i Vestland

Med unntak av svært immunosupprimerte pasientar, meiner FHI at det per no ikkje sikker kunnskap om eller teikn til behov for gjenteken vaksinasjon av andre grupper i befolkninga (t.d. sjukeheimspasientar, eldre eller helsepersonell).

Dette kan endre seg. FHI følgjer nøye med på effekt og tryggleik etter vaksinasjon i ulike grupper, og på korleis pandemien utviklar seg framover. I tillegg innhentar dei kunnskap frå andre land det er naturleg å samanlikne seg med. FHI er i tett dialog med dei kliniske fagmiljøa og vil kome med oppdaterte råd viss avgjerdsgrunnlaget vert vesentleg endra.

Björg Møllerløkken ved Øygarden kommune

Når det gjeld ordninga med test for karantene, reiser dei rundt på skulane. Viss ordninga er meint som langvarig, må ein gå over til heimetesting. Det krev ei stor organisering og omlegging. Det er difor viktig å vite om ordninga med test for karantene er noko som ein skal halde fram med lenge.

Svar frå Stensvand – Vi har teke opp med HDIR i dag kva dei tenkjer om vidare involvering av kommunane i vurderinga av overgang til ein «justert TISK»-fase, og når det er aktuelt.

Assisterande Fylkeslege Jon Andreas Bratberg – Vi har ikkje detaljert informasjon om innhaldet i justert TISK. Hdir har sagt at dei ikkje vil setje i verk noko nytt før kommunane er klare for det. Vi har ikkje motteke noko skriftleg. Ein må truleg gjere noko forskriftsendringar og ein vil gjere det i samråd med kommunane.